



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 03.02.2014

Vår ref.: 2014/816

Arkivnr.: 423.1

«MOTTAKERNAVN»

«POSTNR» «POSTSTED»

Postadresse:

Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:

Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 56 88 11

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Kommunane si oversending av klagesaker etter plan- og bygningslova – oversendingsbrev og dokumentsjekklister

Fylkesmannen har no ein gjennomsnittleg saksbehandlingstid på under 12 veker for klagesaker etter plan- og bygningslova. Vi har som klart mål å holde forskriftskrava for saksbehandlingstid også i framtida.

For å sikre rask og god behandling hos Fylkesmannen framover er det viktig at kommunane førebur klagesakene på ein god måte før saka blir sendt over til Fylkesmannen. Det er i denne samanhengen viktig at kommunane ved si klagebehandling vurderer og tek stilling til merknadene i klagen. Dersom kommunen held fast på vedtaket som er påklaga, skal alle relevante dokument i saka bli sendt til Fylkesmannen. Fylkesmannen gjer merksam på at oversendinga må ha eit oversendingsbrev som i korte trekk viser kva som har skjedd i saka og kva vedtak det er klaga på. Også andre viktige opplysningar i saka bør gå fram av oversendingsbrevet. Vi har lagt ved eit eksempel på korleis eit oversendingsbrev frå kommunane kan sjå ut og kva det bør innehalde.

Det er også viktig at oversendinga inneheld ei nummerert dokumentoversikt som tydeleg viser kva for dokument som er oversendt til Fylkesmannen. Oversendinga må innehalde alle relevante dokument i saka. Vi har utarbeidd ein oppdatert dokumentsjekklister som vi oppmodar kommunane om å fylle ut som vedlegg til oversendinga. Det er viktig at alle saksdokumenta er tydeleg nummererte og stemmer med nummera i dokumentsjekklister.

Fylkesmannen ønskjer helst elektronisk oversending av klagesaker frå kommunane. Når saka blir sendt over elektronisk, er det ikkje nødvendig å sende over saka per post. Fylkesmannen er i gong med å innføre EDU/BEST og vi ønskjer å etablere dette som system for elektronisk oversending av klagesaker.

Ei god og komplett oversending vil spare både kommunen og Fylkesmannen for meirarbeid etter at vi har mottatt klagesaka, slik at vi saman bidrar til ei meir effektiv behandling av klagesakene etter plan- og bygningslova.

Med helsing

Lone Merethe Solheim
avdelingsdirektør

Øyvind Heimlund-Lahn
juridisk rådgivar

Dokumentet er godkjent elektronisk av Fylkesmannen i Rogaland og krev derfor ikkje signatur.

Tilsvarende brev sendt til:

Eigersund kommune	Postboks 580	4379	Eigersund
Hå kommune	Postboks 24	4368	Varhaug
Rennesøy kommune	Postboks 24	4159	Rennesøy
Sokndal kommune	Gamleveien 20	4380	Hauge I Dalane
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	Aksdal
Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330	Ålgård
Karmøy kommune	Rådhuset	4250	Kopervik
Kvitsøy kommune		4180	Kvitsøy
Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230	Sand
Utsira kommune	Postboks 63	5547	Utsira
Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså
Klepp kommune	Postboks 25	4358	Kleppe
Bokn kommune	Boknatun	5561	Bokn
Hjelmeland kommune	Vågen	4130	Hjelmeland
Sauda kommune	Postboks 44	4201	Sauda
Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	Stavanger
Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland
Finnøy kommune	Rådhuset	4160	Finnøy
Sola kommune	Postboks 99	4097	SOLA
Forsand kommune	Kommunehuset	4110	Forsand
Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	Haugesund
Lund kommune	Moiveien 9	4460	Moi
Randaberg kommune	Pb 40	4096	Randaberg
Time kommune	Postboks 38	4349	Bryne
Vindafjord kommune	Rådhuset	5580	Ølen

Saksbehandlar: Øyvind Heimlund-Lahn

Saksbehandlar telefon: 51 56 87 23

E-post: fmroola@fylkesmannen.no